



**Direktoratet for mineralforvaltning**  
med Bergmeisteren for Svalbard

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering.  
Se mottakerliste nedenfor.

Dato: 06.04.2018  
Vår ref: 15/00240-16  
Deres ref:

## **Tildeling av driftskonsesjon etter minerallova for Møen i Voss kommune. Tiltakshavar: Knut A. Møen**

Leiv Erikssons vei 39  
Postboks 3021 Lade  
N-7441 Trondheim

**TELEFON** + 47 73 90 46 00

**E-POST** mail@dirmin.no

**WEB** www.dirmin.no

**GIRO** 7694.05.05883

**SWIFT** DNBANOKK

**IBAN** NO5376940505883

**ORG.NR.** NO 974 760 282

**SVALBARDKONTOR**

**TELEFON** +47 79 02 12 92

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard (DMF) visert til søknad om driftskonsesjon datert 31. desember 2014 fra Knut A. Møen, org. nr. 969 370 018.

### **1. Konsesjonen**

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard (DMF) visert til søknaden om driftskonsesjon datert 31. desember 2014 Knut A. Møen, org. nr. 969 370 018. Knut A. Møen, org. nr. 969 370 018, heretter kalla «Tiltakshavar» eller «Tiltakshavaren», får med dette driftskonsesjon etter minerallova § 43.

Tiltakshavaren får driftskonsesjon for uttak av kvartsskifer i Møen/Helleberget på del av eide domen gbnr. 159/1 i Voss kommune. Mineralførekomsten hører til kategorien mineral som grunneigaren eig.

Konsesjonsområdet har eit areal på kring 83 daa og går fram av kart med tittelen «Møen stein- og massetak i Voss kommune», produsert ved DMF den 19. desember 2017.

Det er ikkje vedteken endeleg reguleringsplan for området. Reguleringsplan «Detaljreguleringsplan for stein- og masseuttak på Møn gbnr. 159/1 i Voss kommune» (planID 2006005), var ute til offentleg ettersyn fram til 20. februar 2018. Området er ifylgje planen regulert til steinbrot/masse uttak. Det er på vedtakstidspunktet ikkje fatta endeleg vedtak i saka.

### **2. Vilkår for driftskonsesjonen**

Konsesjonen blir gjeven på desse vilkåra:

#### **2.1. Driftsplan**

Drifta skal til ei kvar tid gå føre seg i samsvar med ein driftsplan godkjend av DMF.



Med enkelte merknadar tilfredsstiller forslaget til driftsplan dei krav DMF stiller til planen. DMF sine merknadar gjeld manglende utgreiing av:

- Plan for skilting/merking av uttaksområdet
- Plan for reinsk av brotvegger både under drift (arbeidsreinsk) og sluttreinsk etter enda drift

DMF si vurdering er at vedlagte versjon av driftsplan for Møen kan godkjennast med vilkår om at merknadane rettast ved neste revisjon av driftsplanen.

Dersom Tiltakshavaren ønskjer å gjere vesentlege avvik frå driftsplanen, skal DMF godkjenne dette på førehand.

DMF kan krevje ny oppmåling og at ajourførte kart og profilar skal sendast inn når DMF finn det nødvendig.

## **2.2. Økonomisk sikkerheit**

Tiltakshavaren blir pålagd å stille økonomisk sikkerheit med NOK 950 000, som skildra i punkt 5.11 av vedtaket, for å sikre at nødvendige sikrings- og oppryddingstiltak blir gjennomførte etter minerallova §§ 49 og 50, jf. minerallova § 51.

Den økonomiske sikkerheita skal stillast i form av ein bankgaranti for eit grunnbeløp på NOK 300 000, og deretter årlege avsetjingar til ein bankkonto som det skal etablerast pant i til fordel for DMF slik at Tiltakshavaren ikkje kan ráde over kontoen på noko vis, begge deler som skildra i punkt 5.11.

Innan 2 månader etter datoen på dette konsesjonsvedtaket skal Tiltakshavaren ha:

- (i) inngått ein avtale om finansiell sikkerheit med DMF, vedlegg 2;
- (ii) lagt fram påkravsgaranti frå bank som DMF vurderer som tilfredsstillande;
- (iii) etablert pantet til fordel for DMF, jf. pantelova §§ 4-4 til 4-6.

## **2.3. Bergteknisk ansvarleg**

Det skal utan grunnlaust opphald sendast skriftleg melding til DMF om alle skifte av bergteknisk ansvarleg for eit uttak.

## **2.4. Andre vilkår**

- Verksemda må passe på at drifta ikkje har avrenning til vassdrag av omsyn til laks og sjøaure i vassdraget.
- Den regulerte føremålgrensa for massetaket skal setjast ut eller markerast i terrenget på ein slik måte at den er lett synleg gjennom heile driftsperioden.

DMF gjer merksam på at ein driftskonsesjon gjeven etter minerallova ikkje erstattar krav om løkke, godkjenning, arealplan eller konsesjon etter anna lovgjeving.

## **3. Godkjenning av driftsplan**

Med enkelte merknadar tilfredsstiller forslaget til driftsplan dei krav DMF stiller til planen. DMF sine merknadar gjeld manglende utgreiing av:

- Plan for skilting/merking av uttaksområdet
- Plan for reinsk av brotvegger både under drift (arbeidsreinsk) og sluttreinsk etter enda drift



DMF si vurdering er at vedlagte versjon av driftsplan for Møen kan godkjennast med vilkår om at merknadane rettast ved neste revisjon av driftsplanen.

DMF godkjener driftsplanen for Møen/Helleberget gbnr. 159/1 i Voss kommune, med de merknader som fylgjer over. Den godkjende versjonen av driftsplanen ligg ved dette konsesjonsvedtaket.

#### **4. Høyingsfråsegner med kommentarar frå DMF**

Søknaden om driftskonsesjon har vore på høyring, jf. forvaltningslova § 17, hos desse høyingsinstansane: Bane Nor SF, BKK AS, BKK Nett AS, Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap, Fylkesmannen i Hordaland, Hordaland fylkeskommune, NVE Region vest, Statens vegvesen Region vest, Voss Energi AS, Voss kommune, samt naboar/ andre instansar slik det framkjem av adresselista i høyingsbrevet og vedtaksbrevet.

Høringsperioden var frå 21. desember 2017 til 1. februar 2018.

Frå høyingsfråsegne har DMF særleg merkt seg dette:

##### Bane Nor SF

Bane Nor SF viser til at planområdet ikkje kjem i konflikt med jernbanen sine interesser, dei har difor inga merknader til saka.

##### DMF sine kommentarar:

*DMF hartatt høyingsinnspelet til etterretning.*

##### Fylkesmannen i Hordaland

Fylkesmannen i Hordaland har fleire innspel til søknaden. Mellom anna viser dei til at verksemda må passe på at drifta ikkje har avrenning til vassdrag av omsyn til laks og sjøaure i vassdraget. I tillegg peiker dei på at dersom drifta fører til forureining, må verksemda søkje om løvye etter forureiningslova. Dei gjer også merksam om kapittel 17 i avfallsforskrifta om handtering av mineralavfall. I tillegg viser Fylkesmannen til forureiningsforskrifta kap. 30 og at det skal meldast frå til Fylkesmannen dersom verksemda har knuseverk. Fylkesmannen har skjema på nettsida deira som kan nyttast til å melde frå dersom Tiltakshavaren har knuseverk.

##### DMF sine kommentarar:

*Når det gjeld fylkesmannen sin merknad knytt til avrenning, viser DMF til at det er stilt vilkår med tanke på dette, jf. punkt 2.4 i vedtaket. DMF minner om at tillating etter minerallova ikkje erstattar «krav om tillatelse, godkjenning, arealplan eller konsesjon etter annen lovgivning» jf. minerallova § 5. Vi føreset at Tiltakshavaren orienterer seg og rettar seg etter gjeldande regelverk. Ifylgje driftsplanen skal skifer som har for dårleg klyv til å nyttast som murestein knusast og seljast som pukk. Dersom knusing skal skje innafor uttaksområdet, viser DMF til at Tiltakshavaren må rette seg etter forureiningsforskrifta kap. 30. DMF legg til grunn at Tiltakshavaren fører dialog med Fylkesmannen der dette naudsynt og påkravd.*

##### Hordaland fylkeskommune, Regionalavdelinga

Fylkeskommunen viser til at det ikkje er vedteken noko reguleringsplan for området, men at framlegg til reguleringsplan har vore på høyring til Fylkeskommunen og at dei



har gjeven fleire fråsegner i planprosessen. I samband med vurderinga av planen har Fylkeskommunen vurdert at planavgrensinga og planarbeidet er tenleg og framtidsretta. Vidare har Fylkeskommunen vurdert at planen set tydelege rammer for drifta, avgrensar uttaksområdet og massedeponiet, samt stillar krav og vilkår til opprydding etter drifta. Føresegnene som gjeld drift i uttaksområdet blei også vurdert å vere medverkande til å redusere negative landskapsverknader. Vidare nemner Fylkeskommunen at dei har vurdert at drifta i planområdet ikkje vil ha noko særleg innverknad på beiteområde og trekk for elg og hjort. I tillegg har dei vurdert at omsynet til naturmangfald og landskap er godt ivaretak med dei planlagde tiltaka for opprydding og istandsetting etter avslutta drift.

Når det gjeld kulturminne viser Fylkeskommunen til ei uttale frå Fylkeskonservatoren. I denne uttala blei det vurdert at området truleg har mindre potensial for funn av fornminne. Ifylgje denne uttala vil den planlagde brua kome i konflikt med bygninga knytt til tidlegaste drift av skiferbrotet. Det ligg likevel innafor kommunen sin myndighet å godkjenne eventuell riving av desse bygga. Fylkeskonservatoren opprettholdt ikkje sitt opphavlege krav om arkeologiske granskningar. Kommunen blei likevel oppmoda til å nøyne vurdera eit garasjebygg som eit viktig kulturminne, og samtidig søkje å finne løysingar som tek vare på dei historieforteljande elementa. Vidare gjer Fylkeskonservatoren merksam om meldeplikta etter kulturminnelova § 8, andre ledd.

Hordaland fylkeskommune har inga spesielle innvendingar mot uttaket, under føresetnad av at føresegner i detaljreguleringsplanen vert etterkome i driftskonsesjonen.

DMF sine kommentarar:

*DMF føreset at Tiltakshavaren fylgjer dei føresegnene som vil fylgje av ein vedteken reguleringsplan. Tillating etter minerallova erstattar ikkje krav som måtte fylgje av anna regelverk jf. minerallova § 5. Driftsplanen skal vere i samsvar med eventuelle føresegnene som fylgjer av reguleringsplanen.*

NVE Region vest:

NVE hadde inga merknader til søknaden om driftskonsesjon.

DMF sine kommentarar:

*DMF harteke høyringsinnspelet til etterretning.*

**5. Korleis DMF vurderer søknaden om driftskonsesjon**

Føremålet til minerallova er å fremje og sikre samfunnsmessig forsvarleg forvaltning og bruk av mineralressursane i samsvar med prinsippet om ei berekraftig utvikling.

Etter minerallova § 43 er det krav om driftskonsesjon frå DMF for samla uttak av mineralførekomstar på meir enn 10 000 m<sup>3</sup> masse og for alt uttak av naturstein. Berre den som har utvinningsrett kan få driftskonsesjon.

Konsesjonssøknader går gjennom ei skjønnmessig prøving før det blir avgjort om det skal gjevest driftskonsesjon. I vurderinga av om det skal gjevest driftskonsesjon skal det leggjast vekt på om søkjaren er "skikka" til å utvinne førekosten. Dette inneber at ein skal leggje vekt på om prosjektet ser ut til å vere økonomisk gjennomførbart, om det



blir lagt opp til bergfagleg forsvarleg drift, og om søkeren har tilstrekkeleg kompetanse til å drive førekomsten. I vurderinga av om det skal gjevast driftskonsesjon skal det òg leggjast vekt på omsyna som er nemnde i minerallova § 2.

DMF kan fastsette vilkår for ein driftskonsesjon. Når DMF avgjer kva vilkår som skal stillast, vurderer direktoratet mange av dei same omsyna som er relevante for vurderinga av om det skal gjevast konsesjon.

DMF har vurdert konsesjonssøknaden slik:

### **5.1 Utvinningsrett**

Mineralførekomsten som skal utvinnast tilhører kategorien mineral som grunneigaren eig. Tiltakshavaren er sjølv grunneigar for konsesjonsområdet. Etter grunnboka er Tiltakshavaren heimelshavar til eigedomen der konsesjonsområdet ligg.

Etter DMF si vurdering har Tiltakshavaren utvinningsrett til førekomsten.

### **5.2. Arealmessig status for tiltaket**

Konsesjonsområdet har eit areal på kring 83 daa og går fram av kart med tittelen «Møen Stein- og masetak i Voss kommune», produsert ved DMF den 19. desember 2017.

Det er ikkje vedteken endeleg reguleringsplan for området. Reguleringsplan «Detaljreguleringsplan for stein- og masseuttak på Møn gbnr. 159/1 i Voss kommune» (planID 2006005), var ute til offentleg ettersyn fram til 20. februar 2018. Området er ifylgje planen regulert til steinbrot/masseuttak. Det er på vedtakstidspunktet ikkje fatta endeleg vedtak i saka.

### **5.3. Økonomien i prosjektet**

DMF har vurdert den vedlagde informasjonen om økonomien i prosjektet. Etter DMF si vurdering er prosjektet økonomisk gjennomførbart.

### **5.4 Driftsplan**

For å sikre at kravet om bergfagleg forsvarleg drift blir oppfylt, finn DMF grunn til å ta inn i konsesjonen eit vilkår om at drifta til ei kvar tid skal gå føre seg i samsvar med ein driftsplan godkjend av DMF.

Driftsplanen skal vere eit styringsverktøy for Tiltakshavaren i gjennomføringa av uttaket, og eit referansedokument i samband med DMF sine tilsyn.

I samband med søknaden har Tiltakshavaren lagt fram eit framlegg til driftsplan for uttaket.

Framlegget til driftsplan omfattar heile driftsperioden og avsluttinga av steinbrotet. Skildringa og kart- og snitteikningar presenterer den planlagde brytinga av førekomsten innanfor arealet på kring 83 dekar som søknaden gjeld. Det totale volumet fast fjell som skal takast ut er estimert til 1 000 000 m<sup>3</sup>. Det årlege uttaket vil variere med marknaden, men det planlagde uttaket per år er om lag 10 700 faste m<sup>3</sup>. Det er planlagt drift i 2 etappar. Det blir òg presentert ein plan for sikring og avslutting.



Planen er å føre brotområdet tilbake slik at omgjevnadene er minst mogleg skjemma av uttaket.

Etter DMF si vurdering kan den vedlagde versjonen av driftsplan for Møen/Helleberget godkjennast. Ein finn at planen tilfredsstiller dei krava som DMF stiller til driftsplana, og etter DMF si vurdering legg planen opp til bergfagleg forsvarleg drift.

Dersom det under drifta oppstår nye situasjonar eller andre endringar i føresetnadene for drifta, til dømes geologiske og kvalitetsmessige variasjonar, bør det likevel på visse vilkår kunne opnast for å gjere endringar og tilpassingar i planen. Dersom Tiltakshavaren ønskjer å gjere vesentlege avvik frå driftsplanen, skal DMF godkjenne dette på førehand.

Undervegs i drifta kan DMF få bruk for oppdaterte kart og snitt som dokumenterer den noverande situasjonen i uttaksområdet og status i høve til den godkjende driftsplanen. Det blir difor teke inn som eit vilkår i konsesjonen at DMF kan krevje at Tiltakshavaren gjer ny oppmåling og at ajourførte kart og profilar skal sendast inn når DMF finn det nødvendig.

### **5.5 Bergfagleg forsvarleg drift**

Kravet om at drifta til ei kvar tid skal gå føre seg på ein bergfagleg forsvarleg måte inneber at aktiviteten må vere i samsvar med tilfredsstillande faglege standardar for denne typen verksemd.

Etter DMF si vurdering er den føreslegne driftsplanen for uttaket bergfagleg forsvarleg. Ved vurderinga har DMF lagt vekt på driftsplanen for uttaket.

### **5.6 Søkjaren sin kompetanse for drift av førekomsten**

I vurderinga av om søkjaren har tilstrekkeleg kompetanse er det den totale kompetansen som søkeren har tilgang til som skal vurderast opp mot kravet om å vere skikka.

Etter forskrift til minerallova § 3-1 skal alle uttak av mineralske ressursar ha ein bergteknisk ansvarleg.

Tiltakshavaren har i søknaden gjeve opp Pål Finne som bergteknisk ansvarleg for uttaket. Personen er registrert hos DMF som bergteknisk ansvarleg for uttaket og oppfyller kvalifikasjonskrava i forskrifta.

Søkjaren er eit enkeltmannsføretak som har drive masseuttak på Møen i over 35 år. Han har eit samarbeid med enkeltmannsføretaket til Pål Finne. Dei to enkeltmannsføretaka samarbeider om å ta ut skifer og fyllitt i uttaksområdet. Steinen som takast ut seljast hovudsakeleg som murestein, pukk, sprengstein og fyllmasser. Skiferen som har for dårleg kløv til murestein knusast opp og nyttast/seljast som pukk.

Etter DMF si vurdering har Tiltakshavaren tilstrekkeleg kompetanse til å drive førekomsten.

### **5.7 Dei miljømessige konsekvensane av utvinning**

I vurderinga av om det skal gjevast driftskonsesjon skal det leggjast vekt på omsynet til miljøet og kulturminne.



Det finst ingen reguleringsplan for uttaket. Reguleringsplanen «Detaljreguleringsplan for stein- og masseuttak på Møn gbnr. 159/1 i Voss kommune» (planID 2006005), var ute til offentleg ettersyn fram til 20. februar 2018. Området er ifylgje planen regulert til steinbrot/masseuttak. Det er på vedtakstidspunktet for driftskonsesjon ikkje fatta endeleg vedtak i saka. Det føreligg både planutgreiing, kulturminneregistrering, ROS-analyse, reguleringsførsegner, plankart, støyvurderingar osv. i samband med reguleringsplanarbeidet. DMF har teken utgangspunkt i desse dokumenta ved vurderinga av dei miljømessige konsekvensane av utvinning.

#### *Biologisk mangfald – vurdering etter naturmangfaldlova*

Naturmangfaldlova § 7 pålegg alle offentlege instansar som tek avgjerder som påverkar naturen å vurdere planlagde tiltak opp mot prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8–12. Reguleringsplanen, høyingsfråsegner og eigne søk i Naturbase og Artskart (giennomførte i desember 2017) er lagde til grunn for vurderingane etter naturmangfaldlova i DMF si handsaming av søknaden. DMF reknar kunnskapsgrunnlaget etter naturmangfaldlova § 8 for å vere tilstrekkeleg til at det kan fattast vedtak i saka. Føre-var-prinsippet i naturmangfaldlova § 9 gjeld såleis ikkje.

Ut ifrå søk i naturbase og artskart er det ikkje funne registreringar innafor uttaksområdet. Det er registrert ein verneplan for Vossavassdraget i nærleiken av uttaksområdet.

Planutgreiinga viser til at uttaksområdet er eit gammalt industriområde, kor det har vore uttak av stein og skifer i meir enn 150 år. Landskapet er med andre ord forma av dette. Ifylgje planutgreiinga fins det restar av opphavleg natur og mindre intakte naturmiljø innafor området som er sett av til stein- og masseuttak.

Når det gjeld naturverdi og rekreasjonsverdi er det ifylgje planutgreiinga slik at sjølve uttaksområdet har liten naturverdi. Vest for uttaksområdet ligg det eit landbruksområde som strekker seg helt ned til Bjørkemoen. Innimellom områda av dyrka mark, ligg det samlingar av frodig vegetasjon. Mellom uttaksområdet og Mønsberget er landskapet småkupert og består av variert vegetasjon. Området er, ifylgje planutgreiinga, mykje nytta som turterreng.

Kulturminne og kulturmiljø er handsama som eige tema i planutgreiinga. Sjå avsnitt nedanfor for nærmare utgreiing om dette.

Etter DMF si vurdering vil slikt uttak av massar som det er søkt om ikkje vere i konflikt med forvaltningsmålet for naturtypar og økosystem som er fastsett i naturmangfaldlova § 4 eller forvaltningsmålet for artar i naturmangfaldlova § 5.

Etter naturmangfaldlova § 10 skal den samla belastinga på økosystem og naturmangfaldet i regionen vurderast.

Ifylgje planutgreiinga er kulturlandskapet prega av at det har føregått skiferdrift over svært lang tid i området. Mellom laga ligg det, ifylgje planutgreiinga, ein skifrig bergart kalla Harkafjell, som ikkje kan nyttast til helleproduksjon. På grunn av dette har det vorte drive mange stader oppunder berget. Då området består av frodig vegetasjon, gro landskapet igjen etter kort tid. Vestre del av planområdet høyrer til Mønsgarden sitt landbruksareal. I aust er det skogkledd LNF-område.



Ifylgje NNI-rapport, som er handsama og utarbeidd i samband med reguleringsplanarbeidet, er det innafor planområdet ikkje påvist areal som er spesielt viktig for natur- og biomangfaldet. Det blei vurdert at førekommstar av kultur-/anleggsbaserte arter og plante- og dyresamfunn også ville eksistera ved vidareført drift.

DMF har kome til at det ikkje finst avgjerande moment som talar mot å innvilge konsesjon.

#### *Konsekvensar av tiltaket for kulturminner*

Kulturminne er handsama som eit eige tema i planutgreiinga. Ifylgje planutgreiinga er det ikkje påvist automatisk freda kulturminne i eller i nærleiken av planområdet. DMF støttar seg til dei vurderingane som blei gjorde i samband med reguleringsplanarbeidet, og meiner at omsynet til kulturminne er sikra. DMF minner likevel om den generelle varslingsplikta etter kulturminnelova § 8.

#### *Forureining*

Planutgreiinga tek også for seg forureining som eige tema. Den viser til at uttak av skifer medfører boring, noko som igjen fører til støv. Støvet vil ifylgje planutgreiinga ikkje påverke nærliggande nabobustader. Når det gjeld støv frå massetransport, visast det til at dette kan vere eit problem i periodar, men at Tiltakshavaren skal syte for å vatne vegen slik at støvet minimaliseras. Det er vidare ikkje gjennomført måling av radon i planområdet, men ifylgje planutgreiinga må ein rekne med at det finst i området. Elles er det ikkje gjort observasjonar eller kome tilbakemeldingar som gir nokon indikasjonar på at området er forureina.

#### **5.8. Tilhøvet til omgjevnadene og dei nærliggjande områda under drift**

Mineralressursane skal forvaltas og brukast på ein måte som tek omsyn til omgjevnadene og dei nærliggjande områda under drift. Det er difor viktig at drivaren gjennomfører nødvendige sikringstiltak for å unngå skadar på eigedom, menneske og dyr.

Det ligg noko bustadfelt i nærleiken av brotområdet. Sjølve steinbrotet har, ifylgje planutgreiinga, berre i liten grad blitt nytta av born og unge som leikeområde.

DMF har kome til at dette ikkje er avgjerande moment som talar mot å innvilge konsesjon.

#### **5.9. Kva tiltaket vil ha å seie for verdiskaping og næringsutvikling**

Førekommsten det er søkt om driftskonsesjon for fell inn under råstoffgrupperinga: Naturstein, blokkstein, skifer og murestein. Råstoffet blir brukt i produkt som det moderne samfunnet er heilt avhengig av, det vil seie Stein til bruk i uteareal, bygningar og monument.

Ifylgje driftsplanen er utgangspunktet for drifta på Møen, førekommsten av kvartsskifer på garden til Tiltakshavaren. Førekommsten er dekt av lausmassar, samt at det i austlige delen av brotområdet vil bli aukande overfjell av fyllitt/glimmerskifer. Sjølve skiferlaget fell om lag 40 grader inn mot fjellet, kor skiferlaget er opp mot 60 meter tjukt.



Uttaket sysselsett Tiltakshavaren og eit anna enkeltmannsføretak og bidreg til å halde oppe sysselsetjinga i lokalsamfunnet/distriktet. Drifta kan òg ha ein positiv verknad ved å gje opphav til eller sikre eksistensen til anna næringsverksemd, eller ved at råstoffet kan vere ein strategisk innsatsfaktor i anna verksemd.

### **5.10. Langsiktig planlegging for etterbruk eller tilbakeføring av området**

Området skal, ifylgje driftsplanen, tilbakeførast på ein slik måte at omgjevnaden er minst mogleg skjemma av uttaket. Ved avslutta drift skal alle anlegg demonterast og fjernast. I botnen av uttaksområdet skal området planerast med ein svak skråning mot nord. Brotområdet skal fyllast igjen med ikkje forureina masse frå anleggsarbeid på Voss. Mottak av massar skal avklarast med kommunen. Pallane skal ved avslutning vere tilpassa slik at den vil passe saman med drifta til Voss Skiferbrudd AS, som driv mot nord.

Etter DMF si vurdering er dei planane som finst for etterbruk eller tilbakeføring tilfredsstillande, og såleis ikkje noko avgjerande moment som talar mot å gje konsesjon.

### **5.11 Økonomisk sikkerheit**

I søknaden om driftskonsesjon har Tiltakshavaren, i samsvar med forskrift til minerallova § 2-1, gjort framlegg til korleis sikkerheit kan stillast. DMF fastset dei endelige krava til sikkerheit.

Tiltakshavaren har gjort greie for at dei ikkje deponerer skrotmassar, men at massane vert levert til sal i den ordinære drifta. I tillegg er dei gamle tippområda rydda. Ifylgje Tiltakshavaren si utgreiing vert avdekkingsmassar lagra på sida av uttaksområdet. Desse massane er planlagt tilbakeførd som topplag når området vert avslutta. Vidare viser Tiltakshavaren til at området i sør og vest for planområdet er så godt som klargjort, ferdig sikra og rydda. Tiltakshavaren har difor foreslått at sikrings- og oppryddingskostnader vil kome på 100 maskintimar á 800 kr, samt at det er set av 20 000 kr til «diverse». Tiltakshavaren foreslår difor å sette av 100 000 kr til sikrings- og oppryddingsarbeida.

#### **5.11.1. Pålegg om å stille økonomisk sikkerheit og vurdering av kor stor sikkerheita skal vere**

Etter DMF si vurdering er Tiltakshavaren sitt framlegg til kor stor sikkerheita skal vere ikkje tilfredsstillande. Etter forskrift til minerallova § 2-1 tredje ledd skal den økonomiske sikkerheita vere tilstrekkeleg til å dekkje Tiltakshavaren si sikrings- og oppryddingsplikt.

Tiltakshavaren har mellom anna ikkje teke omsyn til at det ikkje er dei sjølv som skal foreta opprydding og sikringsarbeid ved ein eventuell konkurs i verksemda jf. forskrift til minerallova § 2-1 tredje ledd siste punktum. Vidare har Tiltakshavaren ikkje teke omsyn til andre utgiftsposter enn sjølve maskintimane. Det må mellom anna tak ast omsyn til at det skal fjernast bygg og konstruksjonar samt at området skal planerast og arronderast. I tillegg skal det etablerast varig sikring i uttaksområdet, slik at området ikkje er til fare for menneske, husdyr eller tamrein jf. minerallova § 49. Tiltakshavaren har heller ikkje teke med direkte og indirekte kostnader ved avslutting av uttaket. For direkte kostnader er det ikkje tatt omsyn til: Fjerning og istandsetting av veg, fjerning av avfall og skrot, sanering av forureina masser, drenering og pumping av overflatevatn. Av indirekte kostnader kan DMF ikkje sjå at Tiltakshavaren har gjeve



noko overslag over kva det vil koste å hyre inn konsulent, samt at det ikkje er reke høgde for uføresette kostnader.

Etter ei konkret vurdering av tiltaket finn DMF at Tiltakshavaren skal påleggjast å stille finansiell sikkerheit på NOK 950 000 for å sikre at naudsynte sikrings- og oppryddingstiltak blir gjennomførte etter minerallova §§ 49 og 50, jf. minerallova § 51. I vurderinga av kor stor sikkerheit som skal krevjast har DMF lagt vekt på: kor komplekst uttaket er, massetype, potensiell forureiningsfare, underjords - eller dagbrotsdrift, plassering og lokale tilhøve. DMF har òg lagt vekt på sine eigne erfaringstal for tilsvarande uttak, med tillegg for eksterne og uventa kostnader

### **5.11.2. Form for sikkerheit**

Det skal stillast sikkerheit i ei slik form at den ikkje vil gå inn i konkursbuet i tilfelle konkurs hos Tiltakshavaren, jf. forskrift til minerallova § 2-1 tredje ledd.

Etter DMF si vurdering vil det vere føremålstenleg at den økonomiske sikkerheita blir stilt ved bankgaranti og individuell fondsavsetjing til ein bankkonto som det etter ein eigen avtale om finansiell sikkerheit skal etablerast pant i til fordel for DMF, jf. pantelova §§ 4-4 til 4-6. Tiltakshavaren skal ikkje ha ráderett over denne bankkontoen, som skal vere sperra til fordel for DMF.

#### *Bankgaranti – oppstartsfase*

DMF vurderer det som naudsynt at Tiltakshavaren, innan 2 månader etter datoén då konsesjonsvedtaket bleigjort, stiller ein bankgaranti som DMF vurderer som tilfredsstillande som påkravsgaranti for eit beløp på NOK 300 000. Dette er naudsynt for å ha tilstrekkeleg sikkerheit i oppstartfasen før fondet har nådd maksimal avsetjing. Storleiken på bankgarantien er fastsett på grunnlag av ei vurdering av kva som blir rekna for å vere tilstrekkeleg sikkerheit i denne fasen.

DMF kan fremje krav i høve til bankgarantien i desse tilfella:

- (i) Etter utløpet av Tiltakshavaren sin frist for å utføre naudsynte sikrings- og oppryddingstiltak som DMF godtek;
- (ii) Ved konkurs, opphøyr eller anna avvikling av Tiltakshavaren si verksemد; og
- (iii) Dersom konsesjonen blir trekt attende.

Ved melding til garantisten om at eitt av tilfella nemnde i punkt (i)–(iii) over har oppstått, skal DMF ha rett til å få utbetalt det kravet som blir gjort gjeldande etter bankgarantien, utan omsyn til motsegner frå Tiltakshavaren. Bankgarantien skal stå ved lag så lenge beløpet som står på bankkontoen ikkje har nådd NOK 300 000. Når beløpet på bankkontoen har nådd NOK 300 000, eller tidlegare etter skriftleg samtykkje frå DMF, fell plikta til bankgaranti bort.

#### *Individuell avsetjing, avsetjingsperiode og storleiken på avsetjinga*

Deretter skal Tiltakshavaren setje inn midlar på bankkontoen årleg fram til totalbeløpet på NOK 950 000 er nådd. Dei årlege innskota blir rekna ut etterskotsvis på



grunnlag av masseuttaket året før. Det skal betalast inn NOK 1,58 årleg per tonn utteken masse.

Ved fastsettjinga av satsen per tonn utteken masse har DMF lagt til grunn at fondet skal byggjast opp over ein periode på 20 år, det vil seie NOK 47 500 per år. I søknaden er det rekna med eit uttak på om lag 30 000 tonn/år, noko som gjev ei årleg avsetjing på NOK 1,58 per tonn.

Innbetalinga for masseuttaket må vere avsett innan 1. februar året etter.

#### **5.11.3. Rapportering og dokumentasjon**

Beløpet som står på kontoen skal dokumenterast årleg ved å gje DMF tilgjenge til ei oppdatert kontoutskrift. All avkasting på midlane skal godskrivast kontoen.

I tillegg finn DMF det naudsynt at Tiltakshavaren undervegs i drifta vurderer om den sikkerheita som er stilt er tilstrekkeleg til å dekkje kostnadene til sikrings- og oppryddingstiltak og gjev DMF tilbakemeldingar om dette. Dersom den fastsette driftsperioden for uttaket blir endra eller det skjer andre vesentlege endringar i driftsplanen, skal DMF informerast umiddelbart. Elles skal Tiltakshavaren kvart femte år gjere ei ny vurdering av om sikkerheita er tilstrekkeleg. Når vurderinga er gjord, skal Tiltakshavaren utarbeide ein rapport og sende den til DMF utan grunnlaust opphold.

DMF kan også ha behov for meir rapportering og dokumentering enn det som er skildra over, og finn det difor naudsynt å påleggje Tiltakshavaren plikter i så måte i konsesjonsvilkåra.

#### **5.11.4. Justering av sikkerheita**

Etter forskrift til minerallova § 2-2 første ledd andre punktum kan DMF gjere vedtak om endring av storleiken på avsetjinga, inkludert dei årlege innbetalingane frå Tiltakshavaren, og tidspunktet for innbetaling. Slike endringar kan også gjerast når som helst ved endringar i minerallova og andre relevante lover, forskrifter og vedtak.

### **6. Kor lenge driftskonsesjonen gjeld**

Driftskonsesjonen kan reviderast etter 10 år.

Driftskonsesjonen fell bort dersom drift ikkje er starta opp seinast fem år etter at konsesjonen er gitt. Det same gjeld dersom drifta blir innstilt i meir enn eitt år. Det kan søkjast til DMF om å forlengje desse fristane. Driftskonsesjonen fell også bort dersom:

- utvinningsretten for statens mineral blir sletta
- avtalen om rett til å utnytte førekomst av grunneigars mineral går ut
- skjønn ikkje er kravd innan eitt år etter at ekspropriasjonsløyve er gitt etter minerallova § 37 andre ledd bokstav a

Driftskonsesjonen kan ikkje overdragast. Det gjeld også ved overdragning av utvinningsretten.



## 7. Plikter for tiltakshavaren

Tiltakshavaren har rettar og plikter som følgjer av minerallova med forskrifter.

### Meldeplikt ved oppstart og stans av drift

Seinast éi veke før oppstart av drifta skal Tiltakshavaren sende melding til DMF.

Tiltakshavaren skal òg sende melding til DMF før drifta mellombels blir stansa eller lagd ned i medhald av minerallova § 44.

### Drifta skal utførast med varsemd

Drifta skal utførast med varsemd, slik at skadane ikkje blir større enn nødvendig. Etter minerallova § 48 skal arbeida heller ikkje føre til unødig forureining eller skade på miljøet.

### Forsvarleg sikring og opprydding

Området skal sikrast slik at arbeidet ikkje medfører fare for menneske, husdyr eller tamrein. Etter minerallova § 49 omfattar sikringsplikta òg gruveopningar, tippar og utlagde massar på område som er knytte til konsesjonsområdet.

Etter minerallova § 50 skal området vere forsvarleg rydda mens arbeida går for seg. Etter minerallova §§ 49 og 50 skal området vere forsvarleg rydda og varig sikra etter at arbeida er avslutta. DMF kan fastsetje ein frist for når oppryddinga skal vere avslutta.

### Ansvaret til bergteknisk ansvarleg

Bergteknisk ansvarleg har eit særskilt ansvar for å sjå til

- at drifta er teknisk forsvarleg og tek omsyn til arbeidstakarar, nærliggjande bygningar og omgivnadene elles
- at førekosten blir avbygd på ein berekraftig måte
- at drifta til kvar tid er i samsvar med ein ajourført og godkjend driftsplan

### Rapportering

Tiltakshavaren skal sende årleg driftsrapport til DMF via «Min side» på [dirmin.no](http://dirmin.no).

Når uttak av grunneigars mineral blir lagt ned, kan DMF stille krav om å sende inn sluttrapport, måledata og prøvemateriale. Dette gjeld dersom uttaket har mineraliseringar av vesentleg geologisk interesse.

## 8. Rett til å klage

Partane i saka og andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket i samsvar med reglane i forvaltingslova kapittel VI.

Fristen for å klage er tre veker etter at de har fått dette brevet. Klagen skal sendast til DMF for ny vurdering. Dersom DMF ikkje finn grunn til å gjere om vedtaket, sender vi klagen til Nærings- og fiskeridepartementet, som gjer endeleg vedtak i saka. I klagen må de gjere greie for kva de klagar på, og kvifor, og de må foreslå endringar.

Etter forvaltingslova § 18 og 19 har partane i saka rett til å sjå saksdokumenta.



For nærmare informasjon om minerallova med tilhøyrande forskrifter, sjå heimesida vår på [www.dirmin.no](http://www.dirmin.no).

Med helsing

Maria Lauritzen  
seniorrådgjever

Stine Borge Nordskag  
rådgjever

*Dokumentet er elektronisk signert og har difor ikkje handskrivne signaturar.  
Sakshandsamar: Stine Borge Nordskag*



Vedlegg:

Avtale om finansiell sikkerhetsstilelse\_Møen.docx  
Pantsettelseserklæring for enkle pengekrav\_Møen.docx  
Påkravsgaranti\_Møen.docx  
Godkjent driftsplan.pdf  
Konsesjonsområde\_Møen.pdf

Mottakarar:

Knut A. Møen (enkeltpersonforetak)	Mønsvegen 27	5709 VOSS
---------------------------------------	--------------	-----------

Kopi til:

Alf Reime	Solhaugane 10	5709 VOSS
Amund Sletner	Opelandsvegen 52	5709 VOSS
Anders Kvåle	Opelandsvegen 39	5709 VOSS
Ann Sissel Kvåle	Opelandsvegen 37	5709 VOSS
Anna Kindem	Opelandsvegen 109	5709 VOSS
Anne Hilde B. Bøgevik	Garnesfjæra 3	5264 GARNES
Anne Jorunn Tjoflot	Bjørkevegen 46	5709 VOSS
Anne M. Seim Bakketun	Opelandsvegen 63	5709 VOSS
Arnfinn Stalheim Pedersen	Bjørkevegen 55 B	5709 VOSS
Arnstein Ole Stue	Mønshaugane 57	5709 VOSS
Åse Emblem	Mønshaugane 61	5709 VOSS
Åse Helleve	Solhaugane 14	5709 VOSS
Bane NORSF	Postboks 4350	2308 HAMAR
Berlotte Moe Bjørke	Solhaugane 12	5709 VOSS
Bjørn Arve Skutle	Solhaugane 18	5709 VOSS
Bjørn Ullestad	Brattebakken 19	5709 VOSS
BKK AS	Postboks 7050	5020 BERGEN
BKK Nett AS	Postboks 7050	5020 BERGEN
Cecilia Straume	Opelandsvegen 65	5709 VOSS
Charles Otto Terøy	Vivåslii 10	5709 VOSS
Dale Knut sandtak Sigrun	Modalen 12	5729 MODALEN
Dale		
Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap	Postboks 2014	3103 TØNSBERG
Edmund Mandelid	Vivåslii 13	5709 VOSS
Eirik Gjerme	Bjørkevegen 13	5709 VOSS
Eivind Nornes	Opelandsvegen 56	5709 VOSS
Elisabeth Skare	Tymbrålen 26	5709 VOSS
Emmy Sissel Skåren	Kompani Lingse vei 31	4045 HAFRSFJORD
Espen Nåmdal	Opelandsvegen 35	5709 VOSS
Frank Åge Selheim	Tymbrålen 26	5709 VOSS
Frode Dyrdal	Vivåslii 3	5709 VOSS
Fylkesmannen i Hordaland	Postboks 7310	5020 BERGEN
Gunnar Fykse	Bjørkevegen 36	5709 VOSS
Gunnvor Aldal	Opelandsvegen 69	5709 VOSS
Guri Østerdal	Opelandsvegen 31	5709 VOSS
Håkon Almeland Erdal	Brattebakken 33	5709 VOSS
Hallstein Møn	Åsheimsvegen 139	5260 INDRE ARNA
Hanna Møen Førde	Mønshaugane 11	5709 VOSS



Håvard Lien	Solhaugane 8	5709 VOSS
Helge Rokne	Solhaugane 16	5709 VOSS
Hordaland fylkeskommune	Postboks 7900	5020 BERGEN
Inger Anita Mørkve Vangsnæs	Hardangervegen 579	5709 VOSS
Ingvild Flatebø	Vivåslia 13	5709 VOSS
Irene Vivås	Vivåslia 8	5709 VOSS
Ivar Viik	Vivåslia 12	5709 VOSS
Jakob Anthun	Solhaugane 2	5709 VOSS
Jakob Vivås	Vivåslia 14	5709 VOSS
Jan Skjerve	Mønshaugane 31	5709 VOSS
Jannicke Ophaug	Solhaugane 22	5709 VOSS
Jannikke Mathisen Kvitne	Solhaugane 20	5709 VOSS
Jan-Tore Bjørke	Solhaugane 12	5709 VOSS
Jarle Midtbø	Opelandsvegen 37	5709 VOSS
Johannes Istad	Opelandsvegen 177	5709 VOSS
John Borge	Vivåslia 11	5709 VOSS
John Olav Tvinde	Solhaugane 24	5709 VOSS
Jon Knapstad	Mønshaugane 25	5709 VOSS
Jöns Olov Jörgen Näss	Opelandsvegen 31	5709 VOSS
Jørn-Magnus Emblem	Mønshaugane 61	5709 VOSS
Jostein Bjørke	Bjørkevegen 81	5709 VOSS
Jostein Bøgevik	Garnesfjæra 3	5264 GARNES
Jostein Førde	Mønshaugane 24	5709 VOSS
Jostein Hårkau	Mønshaugane 11	5709 VOSS
Kåre Langeland	Solhaugane 4	5709 VOSS
Kari-Anne Riber	Opelandsvegen 50	5709 VOSS
Kjartan Møen	Bjørkevegen 61	5709 VOSS
Kjell Inge Solberg	Opelandsvegen 33	5709 VOSS
Kjell Jørgen Takla Nace	Kirkeveien 177 C	1384 ASKER
Kjell Kvitne	Solhaugane 20	5709 VOSS
Kjell Magne Gjeraldstveit	Hardangervegen 578	5709 VOSS
Kjellaug Møen	Mønshaugane 24	5709 VOSS
Kjellaug Sæue	Mønshaugane 6	5709 VOSS
Kjetil Raa	Bjørkevegen 25	5709 VOSS
Knut Møen	Mønsvegen 27	5709 VOSS
Knut Skjerve	Auro 12	5709 VOSS
Kurt Arild Kvåle	Bjørkevegen 16	5709 VOSS
Lars Dale	Mønshaugane 15	5709 VOSS
Lars Opheim	Bjørgavegen 181	5709 VOSS
Lars Stalheim Pedersen	Bjørkevegen 55 A	5709 VOSS
Leif B. Finden Grindedal	Opelandsvegen 41	5709 VOSS
Leif Petter Fykse	Bjørkevegen 43	5709 VOSS
Lene Karin Lien	Solhaugane 8	5709 VOSS
Lene Krogstad	Opelandsvegen 53	5709 VOSS
Leni Kvarme	Bjørkevegen 43	5709 VOSS
Lill Anita Ullestad	Brattebakken 19	5709 VOSS
Linn La bråten Olsen	Opelandsvegen 39	5709 VOSS
Liv Dale	Mønshaugane 15	5709 VOSS
Liv Hernes Vivås	Vivåslia 14	5709 VOSS
Luis Alfonso Møen	Bjørkevegen 59	5709 VOSS
Magnar Bakketun	Bjørkevegen 58	5709 VOSS
Magne Bjørke	Grindaberget 25	1354 BÆRUMS VERK



Magne Bjørn Møen	Hardangervegen 554	5709 VOSS
Magne Knapstad	Tymbrålen 20	5709 VOSS
Margit Eggereide	Melvæsvegen 78	5706 VOSS
Marit Vivås Turner	Bavallsvegen 189	5710 SKULESTADMO
Marita Garen	Solhaugane 18	5709 VOSS
Marta Pettersen	Magnus Tyrholms vei 7	1515 MOSS
Mattias Slettemark	Bjørkevegen 45	5709 VOSS
Mattias Slettemark	Opelandsvegen 57	5709 VOSS
May K. Solberg Elvebakken	Opelandsvegen 75	5709 VOSS
Mona Anett Fenne	Bjørkevegen 25	5709 VOSS
Morten Bakketun	Bjørkevegen 44	5709 VOSS
Nils Birger Slettemark	Opelandsvegen 54	5709 VOSS
Nils Henrik Møen	Mønshaugane 45	5709 VOSS
Nina M. Berge Grindedal	Opelandsvegen 41	5709 VOSS
Norges vassdrags- og energidirektorat Region vest	Naustdalsvegen 1B	6800 FØRDE
Oddvar Fykse	Bjørkevegen 26	5709 VOSS
Olav Gaute Bakketun	Opelandsvegen 63	5709 VOSS
Olav Tvilde	Bjørkevegen 49	5709 VOSS
Øystein Høyland	Solhaugane 14	5709 VOSS
Øystein Skutle	Mønshaugane 30	5709 VOSS
Per Fosse	Opelandsvegen 59	5709 VOSS
Randi Knapstad	Opelandsvegen 108	5709 VOSS
Randi Marit Svennes	Tymbrålen 40	5709 VOSS
Randi Terøy	Vivåslii 10	5709 VOSS
Rebekka Østensen Styve	Opelandsvegen 35	5709 VOSS
Renate Kvåle	Bjørkevegen 16	5709 VOSS
Roar Sørvik Seltveit	Opelandsvegen 53	5709 VOSS
Runa Tveitarås	Tymbrålen 38	5709 VOSS
Rune Magnar Røthe	Solhaugane 22	5709 VOSS
Sandra Norekvål	Solhaugane 2	5709 VOSS
Sigbjørn Andreas Slåtten	Stallgata 7	5700 VOSS
Sigmund Bjørke	Bjørkevegen 57	5709 VOSS
Sigurd Knapstad	Opelandsvegen 92	5709 VOSS
Solveig Vestrheim Stue	Mønshaugane 57	5709 VOSS
Statens vegvesen Region vest	Postboks 43	6861 LEIKANGER
Steinar Tveit	Vivåslii 15	5709 VOSS
Stig Aldal	Opelandsvegen 69	5709 VOSS
Stig Morten Slettemark	Brattebakken 26	5709 VOSS
Svein Jordalen	Opelandsvegen 67	5709 VOSS
Svein Knapstad	Opelandsvegen 58	5709 VOSS
Svein Turvoll	Hardangervegen 594	5709 VOSS
Sveinung Riber	Hardangervegen 538	5709 VOSS
Tolaas Eigedom AS	Opelandsvegen 39	5709 VOSS
Tore Hovland	Tymbrålen 22	5709 VOSS
Tore Straume	Opelandsvegen 14	5709 VOSS
Torhild Finne Agledal	Opelandsvegen 16	5709 VOSS
Tormod Knapstad	Opelandsvegen 108	5709 VOSS
Torunn Krangnes Fosse	Opelandsvegen 142	5709 VOSS
Turid Soldal	Opelandsvegen 52	5709 VOSS
Unni Espeland Møn	Åsheimsvingen 139	5260 INDRE ARNA
Unni Reime	Solhaugane 10	5709 VOSS



Vegard Gjeraldstveit	Tymbrålen 38	5709 VOSS
Vibecke Iren Bogevik	Brattebakken 47	5709 VOSS
Vigdis Vivås	Tantestien 19	4160 FINNØY
Voss Energi AS	Postboks 205	5702 VOSS
Voss kommune	Postboks 145	5701 VOSS